
Saksnr: 2020/36812-16
Saksbehandlar Bjørg Larsen
Dato: 05.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Rapport om "Spillemidler til idrettsanlegg 2020».

Kulturdepartementet og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) har i samarbeid utarbeida denne statistikkamlinga om idrettsanlegg og tilskotsordninga for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Rapporten vert utgitt årleg.

Eit lite samandrag frå rapporten:

- Frå 2019 til 2020 vart spelemidlar sett av til idrettsanlegg i kommunane redusert med 84 millionar kroner. Det totale beløp som vart sett av til anleggspostane vart redusert med 44 millionar kroner.
- I 2020 var det godkjend søknadssum på 5,96 milliardar kroner med kostnader på 31,4 milliardar kroner. Dette har aldri vore høgare. Det vart godkjend 3 595 spelemiddel søknadar.
- Etterslep på tildeling av spelemidlar har auka med 210 millionar kroner og har passert 4,5 milliardar koner. Ventetid på utbetaling spelemidlar auka til 3,1 år. I Vestland fylke er gjennomsnitt ventetid 3,9 år, og er det fylket som har høgaste ventetid på tildeling av spelemidlar.
- Blant nye søknadar i 2020 gjaldt 29% mindre utandørs anlegg, 14% friluftsliv og 11% fotball. Dei siste seks åra er det dei same tre kategoriane for anlegg som dominerer.
- Dei høgaste tilskota er det søkt om til idrettshallar, symjeanlegg og fotballanlegg. Desse tre kategoriane anlegg vil truleg få 71% av spelemidlane dei neste åra. Både idrettshus, friluftsliv, isanlegg, mindre utandørsanlegg og skianlegg vil og få store tildelingar. Totalt vil desse kategoriane få 89% av spelemidlane.
- I anleggstype ordinære anlegg, inkludert nasjonalanlegg og interkommunale anlegg, har kategorien friluftsliv det høgaste tal anlegg, omlag 25%.